



Notat

Til: Fylkesmannen i Hordaland

Kopi til:

Saksbehandler: Tenesteområde Plan, utbygging og kommunalteknikk/Ingrid Moe

Vår referanse: 14/1225 - 10 / HistSak - 13/1959, Gbnr - 40/7

Dato: 07.05.2014

Emne: Kommentar til uttale til dispensasjonssøknad - Meland - Gnr/bnr 40/7 - Espetveit

Det vert vist til søknad motteke 02.04.2014 frå Fureskjegget AS v/Arkes Bygg AS om dispensasjon for bygging av veg og parkeringsplass på Espetveit, gbnr 40/7.

Dispensasjonssøknaden ble sendt til uttale til regionale styresmakter 04.04.14. Meland kommune fekk sendt over uttale frå Fylkesmannen i Hordaland datert 30.04.14. UDU behandla dispensasjonssøknaden i møte 06.05.14. Før saka blei avgjort, blei uttalen frå Fylkesmannen i Hordaland utdelt og tatt omsyn til i vurderinga. Utvalet var også på synfaring på staden. Utval for drift og utvikling (UDU) godkjente med heimel i Pbl. § 19-2 søknad om dispensasjon frå Pbl. § 11-6 jfr. Kommuneplanen sin arealdel, LNF-føremål, og dispensasjon frå Pbl. § 1-8 for tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

Ettersom uttale frå Dykk blei registrert etter administrasjonen skrev sitt saksframlegg, ønskjer UDU å knytte nokre kommentarar til Fylkesmannen sin uttale i samanheng med oversending for klagevurdering.

I Dykkar uttale går det fram at Fylkesmannen ønskjer ein vurdering av alternative løysingar, med parkering utanfor 100-metersbeltet. Vidare går det fram at viss det mest skånsame for terrenget er parkering bak nausta, må ein vurdere å redusere storleiken på parkeringsplassen og breidda på vegen.

Meland kommune har vurdert moglegheita for parkeringsplasser på ein annan stad enn i direkte tilknytning til dei 5 nausta som no er omsøkt. Gnr. 40 bnr. 7 er ein stor eigedom kor deler av arealet ligg ovanfor kommunal veg.

Postadresse


postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no



Kart: Illustrerer avstand frå sjø og til eigedomsgrensen

Omlag heile eigedomen ligger innanfor 100-metersbeltet og i LNF- område. Det er derfor ikkje mogleg å dokumentere parkeringsareal i samsvar med kommuneplanens arealdel på eige eigedom, utan å søkje om dispensasjon frå kommuneplanens arealføremål LNF- område og Pbl. § 1-8. Vidare kan ikkje kommunen sjå at det er anna areal i nærleiken som er betre eigna til parkeringsplass enn omsøkte areal. Kommunen vurderer at vegen og parkeringsplassen er godt plassert i terrenget, bak den omsøkte naustrekka. Tiltaket vil derfor ikkje bli særleg synleg frå sjøen. Meland kommune har frå før vore i dialog med tiltakshavar etter opphavleg søknad, og fått ein betre prosjektert veg som oppfyller krav til stigning og med god terrengetilpassing. Dette blei vedlagt til Fylkesmannen i brev datert 04.04.14. Meland kommune vurderer at ein vil kunne unngå uønska parkering langs kommunal veg, viss ein godkjenner eit parkeringsareal av ein storleik som det er søkt om her.

Etter ein gjennomgang av Dykkar uttale, er Meland kommune framleis av ein oppfatning at vilkåra for å gje dispensasjon etter Pbl. § 19-2 er oppfylt. Administrasjonen vurderer at det ikkje ligg føre manglar ved dispensasjonsvedtak av 06.05.14.